

## **Kyst- og distriktslista for Møre og Romsdal klar til fylkestingsvalet**

Etter valet i 2021 hadde vi store forventningar om ein betre distriktspolitikk. Sett bort i frå eit godt landbruksoppgjjer, er der framleis mange saker som står att for Distrikts-Noreg. Dette seier fylkestingsrepresentantane Bernt Venås og Bjarne Kvalsvik. No stiller dei felles liste til fylkestingsvalet 2023 med namnet Kyst- og distriktslista for Møre og Romsdal (KDL). Med seg på laget har dei ei rekkje sterke namn frå store delar av fylket.

Dei kjem frå kvar sin ende av fylket. Bjarne Kvalsvik kjem frå Kvalsvika i sør og fungerer no som ordførar i Herøy kommune, medan Bernt Venås har no i siste periode site i fylketinget og i Kultur-, næring- og folkehelseutvalet. Lokalt i Surnadal har han vore medlem i kommunestyret i 20 år.

Ingeborg Singsdal kjem opprinneleg frå Sunndal, men bur no i Haram og står på tredjeplass på lista. Saman med Liv Sæter Myskja på fjerdeplass, brenn dei for arbeidet med å oppretthalde og leggje til rette for levande bygder. Fleire tenester er dessverre trua. Difor blir dette arbeidet desto viktigare for framtida til etterkomarane våre. Dette gjeld mellom anna helsetilboda og skulane våre.

– Etter nøye overvegingar er vi samde om at tida med fogderilister er over. Kyst- og distriktspolitikken må få betre vilkår enn det som har vore til no.

No legg vi opp til ei fellesliste for heile Møre og Romsdal. Det er gode folk frå heile fylket som no ser at vi er nøydde å drage dette i ei ny retning.

– Vi skal arbeide for betre vilkår for små og mellomstore bedrifter langs kysten og i distrikta, seier også ordførar Bernt Brandal frå Hareid som står på femteplass på den nye lista til fylkestinget. Vi kjenner på at stadig færre forstår og legg til rette for den avgjerande verdiskapinga som skjer i Kyst- og Distrikts-Noreg. Dette ynskjer vi å gjere noko med. Dei som står på lista er engasjerte personar som ynskjer å løfte dette opp på dagsorden.

### **Står saman**

– Etter 28 år i lokalpolitikken og 12 år i fylkespolitikken ser eg heilt tydeleg at måten å få til noko er eit godt samarbeid om sakene på tvers av grupper og parti i heile fylket vårt, seier Bjarne Kvalsvik.

– Eg trur folk ser at det er mogleg å få til mykje sjølv om ein er ei lita gruppe, seier han.

Anten det er pengar til veg, bruer, ferjer og samferdsel – eller om det er helsetilboda, rehabilitering, fødetilbod eller vidaregåande opplæring, må vi stå på for at det ikkje forsvinn i sentraliseringa.

Balansen mellom distrikta og sentrale strøk er viktig for gode levevilkår for folk og næringar.

No har Sunnmøre og Nordmøre akkurat same problemstillinga i høve sjukehusa. Då lyt vi stå saman.

Vi ønskjer ikkje ein situasjon der vi blir sett opp mot kvarandre. Nedbygging av tilboda i bygdene stoppar oss frå å ta heile Noreg i bruk og fremjar fråflytting frå bygdene våre.

Heile Møre og Romsdal har store samferdslesaker som skal takast stilling til dei neste åra. Her er det om å gjere at vi kjem i gang med Todalsfjordkryssinga så snart som råd. Andre viktige prosjekt ventar i køa.

*Bjarne Kvalsvik – 911 33 310*

*Bernt Venås – 918 38 610*

Kyst- og distriktslista for Møre og Romsdal: <https://listeforslag.valg.no/liste/68085>